



Bremanger kommune

JournalpostID: 18/10221
Sakshandsamar: Inger Hilde
Dato: 01.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
108/18	Formannskapet	15.11.2018
045/18	Kommunestyret	20.12.2018

Handsaming av planframlegg etter offentlig ettersyn av reguleringsplan for Viaferrata Hornelen

Vedlegg:

201602993-13NVE si fråsegn - Konkret førespurnad - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Via Ferrata - Planid 1438.2016.01 - Bremanger kommune (L)(57387)
Framlegg til reguleringsplan for Via Ferrata Hornelen, gnr. 61, bnr. 2 og 4 m. fl., (L)(71323)
Mekrnad fylkesmannen
Mattilsynet Nordfjord
Fylkeskommunen, fylkesrådmannen
Fylkeskommunen, nærings- og kulturavdelinga
Bremanger kyrkjelege fellestråd
2016150 Plankart_Via Ferrata Hornelen_med faresoner_TEK17_H310_-A0-L, høyringsdokument
2016150 Føresegner_Via Ferrata Hornelen_28022018 (L)(48445), høyringsdokument
2016150 Planomtale Via Ferrata Hornelen, Bremanger kommune_28022018 (L)(48450)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reguleringsplan for viaferrata Hornelen blir vedteken med følgjande endringar:

- 1 Område LS blir teke ut av planen.
- 2 Plandokumenta, herunder skredfarerapportar, skal vere i samsvar med merknad frå NVE.
- 3 Tillegg til førsegnene:

A Vegutbetringstiltak heimla i plan, som råkar sikringssoner til automatisk freda kulturminne, id 162659, 162696, 64044, 35733, 162660, 45786, 16119, 64041, 162666, id 241400 og 241398, og som er merka som område for føresegn #1, #2, kan gjennomførast utan vilkår om arkeologisk utgraving. Plankartet supplerast/endrast i samsvar med dette tillegget til felleseføresegnene.

B Føringar i regional plan for arealbruk vedkomande Hornelen, og verdiskapingsplanen, inkluderast i kap 3.2

C Ved byggjeløyve for viaferrata skal det setjast krav til fjerning av alle anleggsdeler innan

gjeven frist etter at anlegget/deler av anlegg er gått ut av bruk.

D Det skal vere ferdigstilt skilting med informasjon av omsyn til beredskap før viaferrataanlegg kan takast i bruk. Skilting skal vere del av byggjemelding for viaferrataanlegget.

E Viaferrataanlegget skal utformast med omsyn til området som naturområde, og bruk av trapper og bruer bør avgrensast.

F Turstiar kan opparbeidast ved enkel utjamning av terreng ved flytting av steinar og vegetasjon, og tetting av holer. Våte parti bør unngåst. Dersom nødvendig kan stien masseutskiftast eller få fast dekke evt klopper i materiale tilpassa naturlandskap. Detaljplan for opparbeiding av sti leggjast fram for plan- og bygningsmynde for uttale før arbeid blir sett igong.

G Trafo kan oppførast innan for BAA

H Det skal leggjast til rette for skjermingstiltak for gravplassen, mot parkeringsplass og byggjeområde BFT.

I Det skal sikrast tilstrekkeleg tryggleik mot alle typar skred.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 15.11.2018

Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

Reguleringsplan for viaferrata Hornelen blir vedteken med følgjande endringar:

1 Område LS blir teke ut av planen.

2 Plandokumenta, herunder skredfarerapportar, skal vere i samsvar med merknad frå NVE.

3 Tillegg til førsegnene:

A Vegutbetringstiltak heimla i plan, som råkar sikringssoner til automatisk freda kulturminne, id 162659, 162696, 64044, 35733, 162660, 45786, 16119, 64041, 162666, id 241400 og 241398, og som er merka som område for føresegn #1, #2, kan gjennomførast utan vilkår om arkeologisk utgraving. Plankartet supplerast/endrast i samsvar med dette tillegget til fellesføresegnene.

B Føringar i regional plan for arealbruk vedkomande Hornelen, og verdiskapingsplanen, inkluderast i kap 3.2

C Ved byggjeløyve for viaferrata skal det setjast krav til fjerning av alle anleggsdeler innan gjeven frist etter at anlegget/deler av anlegg er gått ut av bruk.

D Det skal vere ferdigstilt skilting med informasjon av omsyn til beredskap før viaferrataanlegg kan takast i bruk. Skilting skal vere del av byggjemelding for viaferrataanlegget.

E Viaferrataanlegget skal utformast med omsyn til området som naturområde, og bruk av trapper og bruer bør avgrensast.

F Turstiar kan opparbeidast ved enkel utjamning av terreng ved flytting av steinar og vegetasjon, og tetting av holer. Våte parti bør unngåst. Dersom nødvendig kan stien masseutskiftast eller få fast dekke evt klopper i materiale tilpassa naturlandskap. Detaljplan for opparbeiding av sti leggast fram for plan- og bygningsmynde for uttale før arbeid blir sett igong.

G Trafo kan oppførast innan for BAA

H Det skal leggast til rette for skjermingstiltak for gravplassen, mot parkeringsplass og byggjeområde BFT.

I Det skal sikrast tilstrekkeleg tryggleik mot alle typar skred.

Bakgrunn for saka:

Reguleringsplan for Viaferrata Hornelen har vore til ettersyn frå 13.04.18 – 25.08.18, i samsvar med vedtak FSK-019/18 den 22.03.18. Ved høyringa kom det motsegn til planen frå fylkeskommunen, grunna muleg konflikt med kulturminne. Dette er avklara, og føreset justering av føresegnar til planen.

Planen heimlar utbyggjing for friluftsliv og turisme i samband med Hornelen, som parkeringsplass og *servicebygg for tursti og klatresti (viaferrata)*. *Viktige tema i planen er landskap og kulturminne*, trafikktilhøve og nærleik til gravplass. I risikoanalysen er viktige tema skredfare, beredskap og klima.

Kommunestyret 20.12.2018:

Handsaming:

Espen Sortevik stilte spørsmål om reguleringsplan og parkeringsplass.

Rådmannen orienterte om at området må ha reguleringsplan. Parkeringsarealet - private har kjøpt grunnen, ikkje avklaring når det gjeld dette.

KST- 045/18 Vedtak:

Reguleringsplan for viaferrata Hornelen blir vedteken med følgjande endringar:

1 Område LS blir teke ut av planen.

2 Plandokumenta, herunder skredfarerapportar, skal vere i samsvar med merknad frå NVE.

3 Tillegg til føresegnene:

A Vegutbetringstiltak heimla i plan, som råkar sikringssoner til automatisk freda kulturminne, id 162659, 162696, 64044, 35733, 162660, 45786, 16119, 64041, 162666, id 241400 og 241398, og som er merka som område for føresegn #1, #2, kan gjennomførast utan vilkår om arkeologisk utgraving. Plankartet supplerast/endrast i samsvar med dette tillegget til fellesføresegnene.

B Føringar i regional plan for arealbruk vedkomande Hornelen, og verdiskapingsplanen, inkluderast i kap 3.2

C Ved byggjeløyve for viaferrata skal det setjast krav til fjerning av alle anleggsdeler innan gjeven frist etter at anlegget/deler av anlegg er gått ut av bruk.

D Det skal vere ferdigstilt skilting med informasjon av omsyn til beredskap før viaferrataanlegg kan takast i bruk. Skilting skal vere del av byggjemelding for viaferrataanlegget.

E Viaferrataanlegget skal utformast med omsyn til området som naturområde, og bruk av trapper og bruer bør avgrensast.

F Turstiar kan opparbeidast ved enkel utjamning av terreng ved flytting av steinar og vegetasjon, og tetting av holer. Våte parti bør unngåst. Dersom nødvendig kan stien masseutskiftast eller få fast dekke evt klopper i materiale tilpassa naturlandskap. Detaljplan for opparbeiding av sti leggjast fram for plan- og bygningsmynde for uttale før arbeid blir sett igong.

G Trafo kan oppførast innan for BAA

H Det skal leggjast til rette for skjermingstiltak for gravplassen, mot parkeringsplass og byggjeområde BFT.

I Det skal sikrast tilstrekkeleg tryggleik mot alle typar skred.

Formannskapet 15.11.2018:

Handsaming:

FSK- 108/18 Vedtak:

Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

Reguleringsplan for viaferrata Hornelen blir vedteken med følgjande endringar:

1 Område LS blir teke ut av planen.

2 Plandokumenta, herunder skredfarerapportar, skal vere i samsvar med merknad frå NVE.

3 Tillegg til førsegnene:

A Vegutbetringstiltak heimla i plan, som råkar sikringssoner til automatisk freda kulturminne, id 162659, 162696, 64044, 35733, 162660, 45786, 16119, 64041, 162666, id 241400 og 241398, og som er merka som område for føresegn #1, #2, kan gjennomførast utan vilkår om arkeologisk utgraving. Plankartet supplerast/endrast i samsvar med dette tillegget til fellesføresegnene.

B Føringar i regional plan for arealbruk vedkomande Hornelen, og verdiskapingsplanen, inkluderast i kap 3.2

C Ved byggjeløyve for viaferrata skal det setjast krav til fjerning av alle anleggsdeler innan gjeven frist etter at anlegget/deler av anlegg er gått ut av bruk.

D Det skal vere ferdigstilt skilting med informasjon av omsyn til beredskap før

viaferrataanlegg kan takast i bruk. Skilting skal vere del av byggjemelding for viaferrataanlegget.

E Viaferrataanlegget skal utformast med omsyn til området som naturområde, og bruk av trapper og bruer bør avgrensast.

F Turstiar kan opparbeidast ved enkel utjamning av terreng ved flytting av steinar og vegetasjon, og tetting av holer. Våte parti bør unngåst. Dersom nødvendig kan stien masseutskiftast eller få fast dekke evt klopper i materiale tilpassa naturlandskap. Detaljplan for opparbeiding av sti leggjast fram for plan- og bygningsmynde for uttale før arbeid blir sett igong.

G Trafo kan oppførast innan for BAA

H Det skal leggjast til rette for skjermingstiltak for gravplassen, mot parkeringsplass og byggeområde BFT.

I Det skal sikrast tilstrekkeleg tryggleik mot alle typar skred.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

«Skriv her»

Saksopplysningar:

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

«Skriv her»

Saksopplysningar:

Innkomne merknader med vurderingar:

Statens vegvesen viser til at planen jfr planomtalen er utarbeidd i samsvar med gjeldande vegnormalar, og har ikkje merknader.

Sogn og Fjordane Energi AS har ikkje merknader til planframlegget, men viser til at det er avgrensa kapasitet i nettet, og at dette må forsterkast, evt ved ny høgspenline med trafo.

Mattilsynet avdeling Nordfjord bed om at ein syter for drikkevasskvalitet i samband med sanitærbygg på Hornskor. Eksisterande private brunnar må takast omsyn til slik at tiltak ikkje gjev dårlegare vasskvalitet. **Vurdering:** Drikkevasskvalitet skal vere i samsvar med gjeldande krav, og tiltakshavar skal ivareta tryggleik for andre sine mulege vasskjelder i området.

Bremanger kyrkjelege felle råd: ynskjer at P-plass og sanitæranlegg blir tilgjengeleg for brukarar av gravplassen. Det bør vere skjerming av gravplassen, mot parkering og veg. Felle rådet føreset at tilreisande turistar og turgåarar tek omsyn til gravplassen. **Vurdering:** Tiltak for skjerming innarbeidast i føresegnene. Det kan vere aktuelt med skilting i høve omsyn til gravplass. Parkeringsplass og sanitæranlegg skal vere ope for almenta.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, nærings- og kulturavdelinga måtte avvende merknad til planen til det var gjennomført undersøking av planområdet jfr kravet i kulturminnelova § 9. Det vart funne 3 nye lokalitetar/kulturminne ved undersøkinga. Reguleringsplanen legg til rette for utviding av den kommunale vegen til Hornskor, og denne utvidinga er i konflikt med sikringssona til to av desse lokalitetane. Universitetet og Riksantikvaren har etter råd frå fylkeskommunen konkludert med at den samfunnsmessige verdien av dei planlagde tiltaka

overstig verdien av å sikre sona mot inngrep. Langs den kommunale vegen er det ni andre kulturminne. Reguleringsplanen opnar ikkje for tiltak i desse samanlikna med dagens situasjon, og planen kan difor godkjennast utan vilkår om ytterlegare arkeologisk arbeid. Det er likevel ein føresetnad for denne godkjenninga at dei råka sikringssonene til dei til saman 11 kulturminna langs vegen skal merkast i plankartet med eigne signaturar, #1, #2 osv. Vidare at følgjande vert teke inn i føresegnene: «Vegutbetringstiltak heimla i plan, som råkar sikringssoner til automatisk freda kulturminne, id 162659, 162696, 64044, 35733, 162660, 45786, 16119, 64041, 162666, id 241400 og 241398, og som er merka som område for føresegn #1, #2, kan gjennomførast utan vilkår» (etter kulturminnelova). **Vurdering:** Føresegn om kulturminne blir innarbeidd i planen, gjerne med presisering av at det gjeld vilkår om arkeologisk utgraving.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, fylkesrådmannen, minner om at det i pkt 3.2 bør takast med føringar frå regional plan for arealbruk, der Hornelen er definert som eit friluftsområde av nasjonal interesse. FK peikar på at det då bør leggjast vekt på friluftsliv basert på urøyvd natur framfor tekniske inngrep som kan redusere kvalitetane. FK fryktar at viaferrataetablering vil kunne gje ulempar med slitasje og forsøpling, og at stor auke i besøkande såleis kan ha uheldige konsekvensar for dagens friluftsliv i området. Dei ynskjer at planskildringa bør gjere greie for desse mulege konsekvensane, både positive og negative. Verdskapingsplanen bør og nemnast som ei regional føring under kap 3.2. Herunder er reiselivsplanen og tema som samfunnsnytte, næringsutvikling og sysselsetting, som er relevant for reguleringsplanen. FK minner om at det bør sikrast korleis evt viaferratanlegg kan bli fjerna etter bruk. Av omsyn til beredskap og tryggleik ynskjer FK at det blir lagt inn rekkjefølgjekrav i føresegnene om oppsetting av eigna informasjon om viaferratabruk og korleis ein kan få hjelp, før anlegget er ferdigstilt. **Vurdering:** Råd om innarbeiding av regionale føringar blir å imøtekome. Ein vurderer at tiltaket med viaferrata er tilstrekkeleg utgreidd. Ein viser til at det er viktig å tilretteleggje for næringsutvikling i området, og dei samfunnsmessige fordelene med auka turisme og sysselsetting må difor tilleggjast stor vekt. Viaferrataanlegget er eit søknadsploktig anlegg etter plan- og bygningslova, og denne lova heimlar og tiltak med fjerning av anlegg som er til forfalls. I byggjeløyve bør det likevel vere vilkår om fjerning av anlegg, herunder tidsfrist, når det går ut av bruk. Dette kravet bør inngå i føresegnene. Rekkjefølgjekrav om skilting av informasjon om forholdsreglar og nødhjelp ved bruk av viaferrata kan innarbeidast i føresegnene.

Fylkesmannen viser til at intensjonen for turstiar i planområdet er at ein skal halde naturen mest muleg urøyvd. Dei rår til å leggje meir konkrete krav inn i føresegnene vedkomande opparbeiding av stiar, ut over kravet til maksbreidde 1 m. For viaferrataføremålet rår dei til å leggje inn krav om at det ikkje kan etablerast tiltak/installasjonar som hindrar almenta sin tilgang til området, slik det er gjort for turområda ikring. For området F/VF/LNF der det er tenkt viaferrata, som er svært stort, bed dei om at planen set nærare rårer for omfang og type tiltak. For planføremålet LS, som omfattar eksisterande bygningar og tiltak der det, slik FM tolkar planen, ikkje er opna for nye tiltak, rår dei til å leggje inn byggjegrænse mot sjø og presisere i føresegnene at nye tiltak ikkje er tillate innanfor LS. FM meiner elles at krav til landskapstilpassing bør konkretiserast betre i føresegnene. Landbruksavdelinga bed om rekkjefølgjekrav om bevaring av matjord for seinare bruk til jordbruksføremål. **Vurdering:** Intensjonen for LNF-områda i planen er å halde naturen mest muleg urøyvd, og det er *stiar* som skal tilretteleggjast under planføremål GT, *Turveg*. Stiane skal tilretteleggjast i samsvar med rettleiar frå Direktoratet for naturforvaltning, Handbok 27-2006 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv og Tilrettelegging for turveier, løyper og stier* frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Desse er viste til i føresegnene. Definisjon på tursti er i Handbok 27-2006: « - Trasèer for ferdsel til fots som er ryddet for vegetasjon, men utan eller med liten opparbeidelse av grunnen. De er vanligvis merket.» Ved val av trasè skal ein prøve å unngå våte parti. Om nødvendig må det masseutskiftast eller leggjast dekke på slike parti, evt byggjast klopper. Enkel utjamning av grunnen med handemakt kan gjerast, ved å flytte steinar, fjerne eller kappe vegetasjon, og tette hol. Føresegnene bør supplerast med konkretisering av tiltak. Turstitrasèen i strandsona i LNFområdet ligg i eit område med mange fornminne. Her er trasèen fastlagd i samråd med representant frå fylkeskommunen

ved synfaring. Området der det er opna for anlegg av viaferrata skal tilretteleggjast med klatretrasèar av ulik lengde og vanskegrad, i tillegg til returruter. Det er difor nødvendig med eit større område for detaljplanleggjing av rutene. Viaferrata vil bli lagt i brattaste partia som i dag er utilgjengelege, og der det i dag ikkje er fjellklatreruter. Mindre bratte parti vil ha tursti, medan viaferrataen inneber faste installasjonar som stålvaier, -bøylar, stigar og bruer. Det vil vere ein fordel for landskapet at bruk av stigar og bruer blir avgrensa. Det kan evt supplerast i føresegnene. I området for viaferrataføremål kan det bli aktuelt å regulere almenta sin tilgang til sjølve klatreanlegga, av omsyn til tryggleik. Dette treng ikkje vere i konflikt med planføremål/føresegner, då viaferrata vil liggje i idag utilgjengelege område som heller ikkje er nytta til fjellklatring. Vedkomande LS-området, der det i dag er m.a. bustadhus, er det ynskjeleg at det blir opna for framtidige, mindre tiltak. I denne planen er det er ikkje utgreidd nærare korleis utbyggjing kan skje. Ein rår til at området blir teke ut av planen. Det er ikkje til ulempe for planen, og gjev ikkje behov for nytt ettersyn. Det blir då framtidig revidert kommuneplan, arealdelen, som gjev føringar for tiltak i dette området. For FM sitt innspel til konkretisering av landskapstilpassing viser ein til tilrådde justeringar av føresegnene vedkomande stiar og viaferrata.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE: legg til grunn at reguleringsplanen har definerte faresoner jfr TEK17 for område der det er planlagt tiltak omfatta av pbl § 20-1 (søknadspliktige byggje- og anleggstiltak). NVE meiner kunnskapen i geolograpportane, og NVE si statlege skredfarekartleggjing, ikkje er tilstrekkeleg innarbeidd i plankartet som omsynssoner, og at føresegnene til omsynssonene er vanskeleg å tolke. Snøskredfare jfr geolograpport er vidare ikkje sannsynsvurdert eller kartfesta. NVE peikar på at føresegnene må sikre at det må sikrast mote alle typar skred, herunder dokumentasjon av fagkunnige.

Vurdering: Dei faglege råda til NVE bør imøtekomast.